

Erling Skiple
Morvikbotn 270
5122 MORVIK
tlf 55193850/ 99296083
E-post : erskiple@online.no

Hordaland Fykeskommune

11 NOV 2016

Morvik , den 10.nov. 2016

Anne Gine Hestetun
PB 7900
5020 BERGEN

FRAMTIDSRETTA VEGAR BERGEN – OSLO

Gode Anne Gine

Eg hørde ditt opningsinnlegg den 29.10. i høve Åsane kulturfest.

Du er flink. Lika god måten du snakka på , serleg for ein eks. –vossing.

Har mange engasjement på kultursida i Åsane, teater, leikarring ,med meir

Eg har arbeida som forstmann i Hardanger sidan 1957. Men har m.a. som kommuneplanleggar hatt stor interesse for utbygging av vegnett, både lokalt og for vegliner ut og inn av fylket.

Fylkespolitikarane har altså gått inn for lang tunnel under Hardangervidda .

Pressgruppa frå Voss og Indre Hardanger har altså fått gjennomslag.

Vi er mange som har eit heilt anna syn på prioritering av vegar mellom Bergen - Oslo . o.a. Legg med kopi av div. innlegg. (det føreligg ein heil haug)

Diagonalen i Hordaland såg eg og andre (Jamfør Johannes Sørli) som eit prosjekt i direkte tilknytning til Kyststamvegen , no E 39.

Alt i 1976 gjorde eg planframlegg med kostnadsrekning og innteikna vegliner på kart i 1 : 5000, frå område ved Tørvikbygd og til Bergen . 110 km ,kostnad den gong for riksvegstandard til kr 600 mill.

Gjekk til vegkontoret i Hordaland med dette , men vart ikkje høyrd. (å snakka til veggen)
Eg var altså 40 år føre mi tid, velkomne etter vil eg seia då .

Ringveg rundt Bergen , i dag E 39, har vegkontoret arbeida med no i **62 år**

Ting **tek tid**.

Dette berre til orientering .

Og lukke til med arbeidet for Hordaland fylke .

Med venleg helsing


Erling Skiple